



Alver Kommune
Bente Kopperdal Hervik
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/3126 - 22/54188

Saksbehandlar:
Mette Robertsen
mette.robertsen@alver.kommune.no

Dato:
01.07.2022

Oversender søknad til uttalelse - gbnr 137/818 Alver

Tiltak: Dispensasjon fra krav om gjenreising
Byggjestad: Gbnr: 137/818
Tiltakshavar: Alver kommune
Ansvarleg søkjar:

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå rekkefølge krav i reguleringsplanen som gjeld gjenreising av lemstove i innanfor same område.

I samband med utbygging av ny Alversund skule kjøpte Lindås kommune i 2018 eit areal for å realisere ny tilkomstveg til skulen. Her sto ei løe og ei lemstove, og lemstova måtte fjernast for å etablere vegkryss inn til ny skule. Bygninga måtte difor plukkast ned. Intensjonen har vore å gjenreise bygnaden på anna areal i nærleiken av løa, på same eigedom. Konstruksjonen ligg no lagra i påvente av vidare framdrift.

Sjå elles utfyllande informasjon, vedlagt.

Lemstova.

Tømmerbygning i to etasjar med opphavelig kjellar under den eine halvdel.




Søknaden er nabovarsla. Det er kome inn ein merknad med omsyn til framtidig plassering.

Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i Områdeplan Alversund, Del av gnr 137 og 138 plan ID_nr. 1263-200902 sin arealdel er definert som område for offentlig og privat tenesteyting.

Situasjonsplan/ ny veg til skulen.



Opphavelog plassering



I områdeplan Alversund er lemstova omtalt i ei rekke punkt. Punkta er list opp under;

Punkt 2.1.1:

Innanfor felt B1, B2, BOP1 og BOP2 kan arbeid og tiltak som er nemnt i pbl § 20-1, samt deling av eigedom til slike føremål, ikkje finne stad før området inngår i ein detaljreguleringsplan. Flytting av lemstova frå gnr 137, bnr 690 til BOP2, inklusiv ny tilkomst til lemstova, er unnateke plankravet. I andre område innanfor områdereguleringsplanen skal det ved samla bygging av fleire enn 4 bueiningar, utarbeidast detaljreguleringsplan.

Punkt 4.1.3:

Flytting av lemstova (våningshuset) på gnr. 137, bnr 690, merka med #10, skal vere ferdigstilt eller forsvarleg lagra og sikra gjenoppbygd før det vert gitt igangsettingsløyve for o_SKV3.

Punkt 4.1.4:

Før det blir gitt igangsettingsløyve til flytting av lemstova (#10), skal det liggje føre ein plan for flytteprosessen.

Punkt 4.1.5:

Det skal utarbeidast ein situasjonsplan som visar løa og plassering av lemstova (#10) i H570_2 innan 3 år etter løyve til flytting av lemstova etter pbl § 20-1. Situasjonsplanen skal godkjennast av Statens vegvesen og Hordaland fylkeskommune ved Fylkeskonservator, samt Lindås kommune.

Punkt 7.1.7 om anleggstrafikk – ikkje lenger relevant

Punkt 10.6.6:

Lemstova på gnr 137, bnr 690 kan flyttast og byggast opp innanfor omsynssona jf 11.1.2.

Dispensasjon

Tiltaket krev dispensasjon frå krav om gjenreising av lemstova i same område i Alversund, Områdeplan Alversund, Del av gnr 137 og 138. Plan ID_nr. 1263-200902, punkt 10.6.6. «Lemstova på gnr 137, bnr 690 kan flyttast og byggast opp innafør omsynssone jf. 11.1.2

Frist

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med vennlig helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Mette Robertsen
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om dispensasjon frå krav om gjenreising av lemstova i Alversund - gbnr 137/818 Alver

Vedlegg 1 - OP Alversund Plankart

Vedlegg 2 - OP Alversund Føresegn

Vedlegg 3 - Situasjonsplan_plassering_lemstova_HFK_110319 - GODKJENT

Vedlegg 4 - Plan for flytteprosessen

Vedlegg 5 - Rapport_Alver_Lemstove_rev 1 aug 19

Vedlegg 6 - vedtak KO 25.03.21 med tilhøyrande saksdokument

Vedlegg 7 - Referat frå møte med VLFK 20210126

Vedlegg 8 - Merknad nabovarsel Magne Fosse - 25.03.22

Mottakarar:

Alver Kommune
Vestland Fylkeskommune

Postboks 4
Postboks 7900

5906 FREKHAUG
5020 Bergen